



## Austevoll kommune

### Møteprotokoll

### KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 29.06.2010

**Møtetid:**

Kl. 15:00

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN

**Saknr.:**

089/10 - 115/10

<b>Følgjande medl. møte:</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møte</b>	<b>Parti</b>
Helge Andre Njåstad	Frp	Ingrid Møgster	Ap
Jostein Blænes	”	Grethe Drønen Ringdal	H
Ronald Persen	”	Cicilie Øxnes	Krf
Kjetil Østervold	”		
Øystein Østervold	”		
Narve Møgster	”		
Jane K. Stangeland	”		
Ove Fagerbakke	Ap		
Ingunn Berge Vik	H		
Julie Eide Solbakken	“		
Kurt Frank	”		
Olav O. Østervold	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Ingrid Vågen Duesund	”		
Torfinn Grav	Krf		

<b>Forfall frå følgjande medl.:</b>	<b>Parti</b>	
Renate Møgster Klepsvik	Frp	
Olav Njåstad	”	
Andreas Risøy	Ap	
Arne Kalve Klepsvik	H	
Helge Otterå	Frp	
Christian Halstensen	Krf	

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal, spesialrådgjevar Steinar Hole, økonomisjef Liv Bente Storebø, skulesjef Liv Margareth Østervold, og helse- og sosialsjef Helge Skugstad
<b>Utlevert i møtet:</b>	Sak omskjenkjeløyve Kulturbakeriet
<b>Merknader:</b>	Saksdokumenta manglar sidetal.
<b>Innkalling:</b>	Ingen

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad

Ordførar

Kjetil Østervold

Jane K. Stangeland



# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
089/10	Godkjenning av møtebok kommunestyre 26.05.2010
090/10	Underskriving av møteboka
091/10	Politisk kvarter
092/10	Referatsaker
093/10	Austevoll kommune sitt rekneskap for 2009
094/10	Austevoll kommune Årsmelding for 2009
095/10	Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.2010
096/10	Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010
097/10	Rekneskapsrapport mai 2010
098/10	Gebyrregulativfor handsaming av byggesaker m.m. 2010 gjeldande frå 01.07.2010
099/10	Tariffrevisjonen 2010 - meklingsmannen sitt framlegg til uravrøysting.
100/10	Kommunestyre- og fylkestingsval 2011 - valdag
101/10	Forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret
102/10	Rapport frå helsevernetaten vedrørende Storebø skule og Nordstrandbygget, og skulestruktur i Austevoll kommune
103/10	Småtun barnehage og utestående arbeid i samband med helsevernrapport.
104/10	Hjorteforvaltninga i Austevoll - reduksjon i minsteareal
105/10	Turveg rundt Vinnesvatnet. Søknad om utbygging i kommunal regi.
106/10	Reguleringsplan for busslomme ved Austevoll ungdomsskule
107/10	Gnr. 27 bnr. 027, 028, 029 og 030 m.fl. Reguleringsplan for Bakkasund. Arkeologiske undersøkingar.
108/10	Gnr. 62, bnr. 0002, Vestre Vinnesvåg Søknad om oppstart av planarbeid
109/10	Gnr. 58, bnr. 0165, del av 16 og 18, Kolbeinsvik. Endeleg godkjenning av endring av reguleringsplan
110/10	Gnr. 37 bnr. 79,167,168, Austevoll (Tråvik) Endeleg godkjenning av reguleringsplan
111/10	Vegnamn på Storebø
112/10	Strategisk Næringsplan for Bergensregionen
113/10	Søknad om skjenkeløyve - Bekkjarvik kro
114/10	Kommunane og musea sitt samfunnsoppdrag. Styrking av fellestenestene og kommunal medverknad i Sunnhordland
11510	Søknad om skjenkeløyve - Kulturbakeriet

### **089/10: Godkjenning av møtebok kommunestyre 26.05.2010**

#### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i kommunestyre 26.05.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

### **090/10: Underskriving av møteboka**

#### **Vedtak:**

Til å skriva under møteboka saman med ordføraren vert valde:

Kjetil Østervold og Jane Stangeland

### **091/10: Politisk kvarter**

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte om:

- Revisjonssaka – forlenga avtale med KPMG fram til ny avtale vert inngått etter klageprosessen. Kommuneadvokaten vert nytta i den prosessen
- Havbruksmidlar – 2 nye konsesjonar til Austevoll – 300.000 pr konsesjon til primærkommunar.
- Visningskonsesjon – bruk av midlar.
- Status i ferjesaka - møte med fylkeskommunen 28.06.2010
- Storebø pleie- og omsorgssenter – utbygging.
- Ambulansestasjon – byggjearbeid starta opp.
- Ambulansébåt – utlysing på anbod
- Marsteinen Fyr - offisiell opning 23.06.2010. KUP og Marsteinen fyr – søknad om midlar.
- Tildeling av midlar til Møkster og Liv og Lyst
- Kulturkommune 2011 – Austevoll som kandidat.
- Møkster Bu – statusrapport.
- Kulturpark på Storebø

#### Spørsmål frå Torfinn Grav:

#### Austevoll kommune – hovedplan for avløp 1998-2010:

1. Når vert arbeidet med rullering av planen igongsatt?
2. Kven har stått for oppfølging/prøvetaking i samband med resipientunderskøkingar i planperioden?

Eg går ut frå at dette er ei kommunal oppgåve sjølv om tenesteytinga/leveransane vert handtert av Austevoll vatn- og avløp.

#### Rådmannen svara:

Det er kommunen sitt ansvar å vedta plan. Prøvetaking er Austevoll vatn- og avløp sitt ansvar

#### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka

### **092/10: Referatsaker**

#### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **093/10: Austevoll kommune sitt rekneskap for 2009**

**Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune sitt årsrekneskap for 2009 vert godkjent i samsvar med revisor si melding om godkjenning frå 18.mai 2010.
2. Austevoll kommune vedtek at overskotet på kr. 2.715.594 vert nytta til nedbetaling av oppsamla underskot.
3. Austevoll kommunestyre vedtek at premieavviket for 2009 kr. 2.363.505 skal delast over 15 år

**094/10: Austevoll kommune Årsmelding for 2009****Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si årsmelding for 2009, og dei årsmeldingane frå avdelingane som følgjer saka, til orientering.

**095/10: Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.2010****Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.2010 til orientering.

**096/10: Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Helge Andre Njåstad, Frp: Tilleggspunkt til vedtak i Formannskapet:  
Sak om rentebinding vert lagt fram for formannskapet til hausten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Økonomi- Finansreglementet for Austevoll kommune vert endra i tråd med ny finansforskrift.
2. Kommunestyret vedtek nytt Økonomi.- og Finansreglement slik det går fram av vedlegg 1.
3. Det nye Økonomi- og Finansreglementet har verknad frå 01.07.2010
4. Sak om rentebinding vert lagt fram for formannskapet til hausten.

**097/10: Rekneskapsrapport mai 2010**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Ronald Persen: Rådmannen si tilråding med dette tillegget:

Austevoll kommunestyre ber rådmannen gjera greie for kva som vert gjort for å halde budsjettet ved årsslutt for desse einingane:

- Offentleg servicekontor
- Trolandshamar skule
- Austevoll ungdomsskule
- Barnevern

Framlegget vart det samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter mai 2010 til orientering

Austevoll kommunestyre ber rådmannen gjera greie for kva som vert gjort for å halde budsjettet ved årsslutt for desse einingane:

- Offentleg servicekontor
- Trolandshamar skule
- Austevoll ungdomsskule
- Barnevern
- 

**098/10: Gebyrregulativfor handsaming av byggesaker m.m. 2010 gjeldande frå 01.07.2010**

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Austevoll kommunestyre gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010, jf vedlagt forslag datert 27.05.2010.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.2010.

**099/10: Tariffrevisjonen 2010 - meklingsmannen sitt framlegg til uravrøysting**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre røyster ja til det tilrådde framlegget frå meklingsmannen.

**100/10: Kommunestyre- og fylkestingsval 2011 - valdag**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at det i Austevoll kommune vert helde kommunestyre- og fylkestingsval måndag 12. september 2011.

**101/10: Forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret**

Handsaming i møtet:

Framlegg til prosjektgruppe: frå Frp v/Helge Andre Njåstad

Leiar i valstyret

Steinar Hole, rådmannskontoret

Representantar for ungdomens kommunestyre

Lærarar utpeika av rådmannen som har ansvar for samfunnsfag.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek at følgjande vert valt til prosjektgruppe i samband med forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret:

Prosjektgruppe:

Leiar i valstyret

Steinar Hole, rådmannskontoret

Representantar for ungdomens kommunestyre

Lærarar utpeika av rådmannen som har ansvar for samfunnsfag.

2. Austevoll formannskap bed om å få framlagt for godkjenning kostnadsoverslag over tiltak som ikkje vert dekkja av tilskotet frå Kommunaldepartementet.

3. Kostnader med forsøksprosjektet for 2011 må innarbeidast i budsjettet for 2011.

## **102/10: Rapport frå helsevernetaten vedrørande Storebø skule og Nordstrandbygget, og skulestruktur i Austevoll kommune**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Narve Møgster:

1. Austevoll kommunestyre vedtek å setja Nordstrandsbygget i stand og bed rådmannen snarast utgreia kostnader med å tilfredstille krav til helsevernetat og leigetakarar av bygget. Formannskapet har fullmakt å setja i gong arbeidet. Kmmunestyret viser til investeringsbudsjettet for 2010 der det er rom for å setja i gong arbeidet (løyving 10 mill til skular). Eventuell løyving utover dette vert å koma attende til i 2011 investeringsbudsjettet.
2. Austevoll kommunestyre viser til at kommunen har ein godkjent skulebruksplan, som skal rullerast, og meiner ikkje det er rett å setja i gong skulestrukturdebatt basert på tilstanden på Nordstandsbygget.
3. Austevoll kommunestyre er open for at Storebø og Trolandshamar skular likevel kan samarbeide tettare enn i dag dersom det er ynskjeleg og fagleg tilrådeleg.
4. Austevoll kommunestyre vil som konsekvens av dette vedtak plassere musikkbingen på den opprinnelege plassen ved Nordstrandsbygget og utvikle det området vidare som ledd i arbeidet med å gjera Storebø til eit meir attraktiv tettstad.

Framlegg frå AP v/ Jane Stangeland til nytt pkt. 2:

Austevoll kommunestyre ber gruppa som skal utarbeida skulebruksplanen om også vurderer framtidig skulestruktur.

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding som vart samrøystes vraka.

Pkt. 1 i Frp sitt framlegg vart vedtek samrøystes.

Pkt. 2 i Narve Møgster sitt framlegg vart omarbeida i møtet og vart sett fram felles frå Narve Møgster Frp, og Torfinn Grav Krf.

Pkt. 2 i Frp og Krf sitt framlegg vart vedteke mot 5 røyster, for Stangeland sitt framlegg (AP + Julie Solbakken og Grete Drønen Ringdal).

Pkt. 3 i Frp sitt framlegg vart vedteke mot 5 røyster (dei same 5).

Pkt. 4 i Frp sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek å setja Nordstrandsbygget i stand og bed rådmannen snarast utgreia kostnader med å tilfredstille krav til helsevernetat og leigetakarar av bygget. Formannskapet har fullmakt å setja i gong arbeidet. Kmmunestyret viser til investeringsbudsjettet for 2010 der det er rom for å setja i gong arbeidet (løyving 10 mill til skular). Eventuell løyving utover dette vert å koma attende til i 2011 i nvesteringsbudsjettet.
2. Austevoll kommunestyre viser til at kommunen har ein godkjent skulebruksplan, som skal rullerast, og meiner ikkje det er rett å setja i gong skulestrukturdebatt basert på tilstanden på Nordstandsbygget.
3. Austevoll kommunestyre er open for at Storebø og Trolandshamar skular likevel kan samarbeide tettare enn i dag dersom det er ynskjeleg og fagleg tilrådeleg.

4. Austevoll kommunestyre vil som konsekvens av dette vedtak plassere musikkbingen på den opprinnelege plassen ved Nordstrandsbygget og utvikle det området vidare som ledd i arbeidet med å gjera Storebø til eit meir attraktiv tettstad.

#### **103/10: Småtun barnehage og utestående arbeid i samband med helsevernrapport.**

##### **Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å utsetje handsaminga av utestående forhold i Småtun barnehage som synt i helsevernrapporten. Saka vert utsett fordi private aktørar har søkt om å få ta over Småtun barnehage. Kommunestyret ber om å få sak til politisk handsaming seinast i oktober.

#### **104/10: Hjorteforvaltninga i Austevoll - reduksjon i minsteareal**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad i tillegg til Fsk sitt vedtak:

Spørsmål og svar i formannskapet frå Frp Jostein Blænes om utviding av valda vert sendt ut på same høyringa for å sjekke synspunkta utan at kommunestyret med det har lagt nokon føringar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak:**

Austevoll kommune vedtek å endra minstearealet for hjortejakt til 500 dekar.

Austevoll kommune godkjenner føresegna og legg føresegna ut til høyring.

Spørsmål og svar i formannskapet frå Frp Jostein Blænes om utviding av valda vert sendt ut på same høyringa for å sjekke synspunkta utan at kommunestyret med det har lagt nokon føringar.

#### **105/10: Turveg rundt Vinnesvatnet. Søknad om utbygging i kommunal regi.**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Kjetil Østervold om tilleggspunkt til Fsk sitt vedtak:

Austevoll kommunestyre løyver kr 250.000,- til prosjektet av avsette midlar til folkehelse/turløyper frå 2010 inverteringsbudsjettet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner prinsipp om OPS-prosjekt for turveg rundt Vinnesvatnet. Rådmannen vert beden om å inngå avtaler med meir etter mal frå andre OPS-prosjekt.

Austevoll kommunestyre løyver kr 250.000,- til prosjektet av avsette midlar til folkehelse/turløyper frå 2010 inverteringsbudsjettet.

#### **106/10: Reguleringsplan for busslomme ved Austevoll ungdomsskule**

##### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for busslomme og trafikkområde ved Austevoll ungdomsskule. Plankart og føresegner er sist justert 06.04.2010.

**107/10: Gnr. 27 bnr. 027, 028, 029 og 030 m.fl. Reguleringsplan for Bakkasund.**

**Arkeologiske undersøkingar.**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner budsjettframlegget frå Hordaland fylkeskommune for å kunne utføre lovpålagde registreringar av kulturminne innafør planområdet til Bakkasund-planen, og løyver inntil kr 125.000.- til føremålet med overføring frå investeringsfondet.

**108/10: Gnr. 62, bnr. 0002, Vestre Vinnesvåg Søknad om oppstart av planarbeid**

**Vedtak:**

I medhald av PBL § 12-8 *Oppstart av reguleringsplanarbeid*, godkjenner planutvalet søknad om at det startast arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for GB. 62/0002 Vinnes.

Planleggjar er: Sweco v/ Even Akerø

Tiltakshavar er: Marit Instanes.

Søkjjar kunngjer oppstart planarbeid til minst ei avis, og orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart ( grunneigarar, heimelshavarar, naboar, styresmakter mm.)

Planen skal utarbeidast av fagkunnige.

**109/10: Gnr. 58, bnr. 0165, del av 16 og 18, Kolbeinsvik. Endeleg godkjenning av endring av reguleringsplan**

Handsaming i møtet:

Ordførar Helge Andre Njåstad er ugild i saka, og varaordførar Edvard Johannes Stangeland overtek møteleiinga.

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-14, endring av reguleringsplanen for gnr. 58, bnr. 0165 del av 16 og 18, Kolbeinsvik.

Føresegnene og plankartet er datert 04.06.10.

Planen med planskildring skal kunngjerast i minst ei avis.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

**110/10: Gnr. 37 bnr. 79,167,168, Austevoll (Tråvik) Endeleg godkjenning av reguleringsplan**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-12, reguleringsplanen for gnr. 37, bnr. 79,167 og 168 Austevoll. ( Tråvik)

Føresegnene og plankart har revisjonsdato 19.05.10.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

**111/10: Vegnamn på Storebø**

**Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre takker Storebø Vel for det arbeidet dei har gjort med å koma med framlegg til vegnamn på Storebø.
2. Austevoll kommunestyre sender saka om vegnamn ut på høyring.

3. Austevoll kommunestyre vil koma attende til spørsmålet om løyving til føremålet under budsjettføreavinga for 2011.

### **112/10: Strategisk Næringsplan for Bergensregionen**

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre viser til Strategisk Næringsplan for Bergensregionen og sluttar seg til det som går fram av planen.

### **113/10: Søknad om skjenkeløyve - Bekkjarvik kro**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Sp v/Edvard J Stangeland:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande skjenkeløyve for perioden fram til 30.juni 2012 til Gjertrud Kalvenes og Erik Kalvenes for skjenking i regi av Bekkjarvik kro sine lokaler inne og ute som omsøkt:

- a) Skjenking av øl og vin alle dagar bortsett frå søndag frå kl 10.00 til kl 22.00
- b) Skjenking av øl og vin søndag frå kl 12.00-22.00
- c) Gjertrud Kalvenes vert godkjent som styrar med Erik Kalvenes som avløyser
- d) Skjenkinga er avgrensa til Bekkjarvik kro sine lokale jmf søknaden.
- e) Skjenkeløyve vert gjeve av at det vert forvalta i samsvar med lover, forskrift og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekkar avvik
- f) Det er ein føresetnad at forfalle alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalt.

Ved røysting stemte 10 representantar for framlegget til Sp v/Edvard J Stangeland .  
8 for rådmannen si tilråding - Narve Møgster, Kjetil Østervold (Frp) Jane Stangeland, Ove Fagerbakke, Ingrid Møgster(Ap), Torfinn Grav og Cicilie Øksens, Krf og Ingrid V Duesund (Sp)

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre gjev følgjande skjenkeløyve for perioden fram til 30.juni 2012 til Gjertrud Kalvenes og Erik Kalvenes for skjenking i regi av Bekkjarvik kro sine lokaler inne og ute som omsøkt:

- g) Skjenking av øl og vin alle dagar bortsett frå søndag frå kl 10.00 til kl 22.00
- h) Skjenking av øl og vin søndag frå kl 12.00-22.00
- i) Gjertrud Kalvenes vert godkjent som styrar med Erik Kalvenes som avløyser
- j) Skjenkinga er avgrensa til Bekkjarvik kro sine lokale jmf søknaden.
- k) Skjenkeløyve vert gjeve av at det vert forvalta i samsvar med lover, forskrift og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekkar avvik
- l) Det er ein føresetnad at forfalle alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalt.

### **114/10: Kommunane og musea sitt samfunnsoppdrag. Styrking av fellestenestene og kommunal medverknad i Sunnhordland**

Handsaming i møtet:

Framlegg til tillegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommunestyre set som vilkår at drifta av Hufthamartunet vert ein del av samarbeidet.

Tillegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Austevoll kommune er i prinsippet positiv til ei medfinansiering av ein ny 100 % stilling ved Sunnhordland Folkemuseum.
2. Austevoll kommune vil rå til ein finansieringsmodell der 50 % av stillinga vert finansiert av Hordaland Fylkeskommune, og 50 % av stillinga vert finansiert gjennom ei lik fordeling mellom Sunnhordlandskommunane.
3. Austevoll kommune vil likevel kunne akseptere ei fordeling av 50 % av kostnaden etter folketalet i Sunnhordlandskommunane, dersom eit fleirtal av Sunnhordlandskommunane går for det.
4. Det skal vera ei målsetting å innarbeida denne kostnaden gjennom ordinær budsjetthandsaming med verknad frå 2011.
5. Austevoll kommunestyre set som vilkår at drifta av Hufthamartunet vert ein del av samarbeidet.

\*\*\*\*\* TILLEGGSSAKER \*\*\*\*\*

**115/10: KULTURBAKERIET- SØKNAD OM SKJENKELØYVE - UTVIDA UTEAREAL**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre viser til sak 145/09 om skjenkeløyve til Kulturbakeriet v/Bjørn Engen.

Austevoll kommunestyre godkjenner at uteskjenking kan skje i front av Prestegarden på ein terrasse på inntil 100 m2, avgrensa med stakittgjerde rundt, fysisk avgrensa frå trafikk, slik det går fram av skisse til søknad av 07.05.2010.

Rett utskrift

Norunn Storebø

